



Kloakkpumpetasjonen på Rabben vil bli oppgradert i samband med kloakkutbygginga. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Saksbehandlar Ivar Kåre Døsland har no svara Steinar Myklebust, Rabben Camping på brevet hans om ein mogeleg oppgradering av pumpestasjonen på campingplassen. Døsland opplyser at oppgraderinga vil skje i samband med at det skal utførast ei større kloakkutbygging i Uskedalen. Kommunen tek sikte på at oppstart av denne utbygginga vil skje tidlig på hausten i år.**

Av tiltak som vil bli utført på stasjonen i samband med oppgraderinga nemner Døsland luftrensing, montering av spyleanlegg for pumpeump og lys i pumpeump. Det vil og bli vurdert om pumpeumpen bør skiftast. Rabben Camping har i brevet sitt og peika på at dei ikkje lenger kan tilby toalett-tømming for tilfeldige bubilar. Døsland finn det difor naturleg at skiltet som opplyser om dette tilbodet blir fjerna. Han kjenner ikkje til kven som har montert skiltet. Viss det var kommunen, ynskjer han tilbakemelding om dette slik at dei kan få det fjerna.

Av Ola Matti Mathisen